



Handverk som Kunnskapsform

Foredrag i høve jubileum, Norsk
Handverksinstitutt, september 2017

Det blir mykje om arbeid i tre, av
di det er tre eg kan. Eg reknar
med at prinsippa er dei same i
andre materialar å arbeide med.
Det er prinsippa vi vil ha fram
her.

Ved Jon Bojer Godal.



Det er Johan Hårstad vi ser i aksjon. Det var i 1983.

Han held på med hals til ein båt. Emnet er $\frac{5}{4}$ ” tjukt og det skal ned til det halve.

På vegen dit skal emnet holast, vinnast og svingast.

Johan gjer dette på frihand. Han veit kva han skal fram til. Målsynet er skarpt, handa er stø.

Effekten av det han gjer påverkar kor mykje sug og trykk det blir av sjø i båt i fart i bære og skavl. – Noko *svært komplekst*.



Tre er ikkje lik tre

Johan byggjer båten av tre. Til båt ser han på bork og kvist. Han vil ikkje ha spikarkvist, som står rett ut. Han vil ha hengekvist, mjuk bork.

Føyeleg ved er del av planen.





Elisar Fornes i
Velfjord batt korger.
Det hadde han gjort
heile sitt liv.

Vi fekk koma og
lære. Det var i 1995.

Materialen vi skaffa
trudde han var *god
nok til å trene seg
på.*

Elisar visste om fire
stader med gode
sponemne innafor 13
mil.



Sponen blir
leita, kløyvd
til spiler,
tørka, vætt og
så riven.

Til slutt blir
ho tynna med
ein litt lang
tollekniv.

Elisar
kjenner når
sponen er
høveleg
mjuk. Då er
ho nær 1,5
mm tjukk



Elisar *kjenner* og
ser.

Høveleg tjukk spon
skin lyset gjennom.

Alt etter kvaliteten
sorterer han m.a i
botnspon,
brottspon,
sidespon
og *band*.

Dei skal til ulike
plassar i korga.





Gode korgar varde i 50 år. Denne er over 60, og har vore bruka til ved på Fornes.

Kassene (korgene) vart laga på faste mål og i ulike storleikar. Mellom anna gjekk det på tønne mål:

Åttingskass (ca 15 liter), *kvartelskass* (ca 30 liter) og *halvtønne* (knappe 60 liter).

Kompleks tilnærming



Henning Olstad hogg
laft. Det er i 2016.

Han ser klart for seg
og kan hogge med
kraft.

Kraftige eller lette
tilslag, øksa følgjer
tanken og blikket.

*Han tenkjer laftet og
så blir det til.*

Når tanken er klar og
handa viljug blir det som
tenkt.

Oppsåta er snart klar.






Ole Husås med breiøks. Det skal bli hus. Han arbeider med kraft, sikkert og nøyaktig. Rett dimensjon og rett kvalitet på rett stad i bygget.



Jarle Vangstad har lært av Ole. Her slettar han raft. Huset blir reist i samsvar med ein særeigen logikk.

Det indre skjelettet tek mot trykk og sidekrefter. Sidekreftene verkar til at det blir trykk på strevarane. Vi får eit lyft. Ved sterk vind får vi også eit sug over taket. Lyftekreftene er fanga opp av kledning og tro.

Svart tyder tyngd og trykk.
Blått er sug.
Raudt er strekk.





Til logikken høyrer dette et husa ikkje er bygde opp frå bakken. Nei, dei er felte ned på bakken. Då blir tyngdekrafta medhjelpar.



Å bygge jamvel stor hus *utan teikning* er noko vi etter kvart har lært oss.
Det er veldig moro, og huset blir slett ikkje dårlegare!
Fleire enn ein har sagt: Å *byggje etter teikning er berre plunder og heft.*



Stor dag med høgtidsam opning av nytt bygg.

Teknikkane som er nytta er basert på prosjekt og dokumentasjon i regi av NHI.



Ole Skålvik er
også båtbyggjar.

Ole har funne ei furu
som han likar.


Ho er høveleg stor, har
høveleg jamn vokster,
har rett kløyv og ho har
lys alved.

Bak vurderinga ligg det
indre bilete av geitbåt i
frisk segling.

Mellom treet og båt i
vind, ligg ein lang
prosess som han ser for
seg.



Båtane vart bygde *på brøk*. Ole demonstrerer korleis han reknar.



Steg på vegen. Brøkane fungerer også til å gjeva mjuke former.



Målet er båt i bruk på havet, og gjerne i *ein god dragar*.

Handverk

Er å lage *nyttige ting* av eit materiale, med høvelege *verktøy* og der *kroppen er sentral drivkraft*. Slik eg då har møtt handverket, ter det seg som *noko komplekst*: Vi kan liste desse typiske draga:

Handverkaren treng *utvikla sanseapparat*. Syn og kjensle, (taktil tilnærming), men også lyd og lukt, av og til jamvel smak lyt trenast.

Handverkaren treng *trena rørsler*. Det går på utvikling av *rytme, styrke* og *presisjon*. Det er ikkje tilfeldig at mange handverkarar er gode dansarar og/eller gode spelmenn.

Dei trena rørsleane er som regel knytt til *faste handlingsmønster*. Dei kan av og til te seg *som rituale*. Dei frigjer slik at handverkaren kan *improvisere når det trengst*. Overraskingar kjem alltid.

Handverkaren treng omfattande og detaljert *kunnskap om material*.

Handverkaren treng *intim kjennskap til verktøy*. Ofte er delar av verktøyet i bruk laga etter *kroppsmål* (alen) av og for handverkaren.

Form er ofte knytt til tal. Vi kan tala om *handverksrekning*. Det går på brøk og i kombinasjon med meir eller mindre faste modular.

Handverkarane har utvikla *klar forståing for funksjonen* til produktet som blir laga. Då kan det skreddarsyast til kjøpar.

Auga og skal hava sitt. Det vakre gjev glede i kvardagen. Det særlege i handverket er at *den estetiske dimensjonen skal underordne seg og falle saman med den funksjonelle*. Kunstnaren er fristilt dette.

I dag lyt handverkaren også ha oversyn over *historie*, både når det gjeld, politisk, allmenn kulturhistorie og teknologi.

Handverkaren av lyt kjenne til *lover og reglar* og kunne *kommunisere både i skrift og tale* med styresmakter så vel som med kjøpar.

Handverket er *målstyrt*. Valet av tre i skogen og alle andre steg på vegen vert gjort ut frå det handverkaren ser for seg som mål for handlingane.

Det er summen av desse aktive tilnærmingane vi kallar *handlingsboren kunnskap*. Han byggjer på *herming av rørsle* (rekkefølgekunnskap), *røynsle og innsikt*. Vi talar gjerne om *mønster*. Liknar på språk.

Forstått på denne måten er *handverk altfor abstrakt* til at ein vanleg boklærd kan forstå kva det dreiar seg om.

Meir konkret: Når personar ikkje har felles røynsle er det vanskeleg å kommunisere. Det er berre komponistar som høyrer tonane (i sitt indre) når dei les notar. Vi har mange parallelar.

Kanskje det er slik vi skal forstå hendinga i Y-blokka i 1979.
Dei såkalla lærde forsto ikkje kva dei snakka om.

Om det eg no har vore inne på er rett, bør det medføre omfattande konsekvensar for opplæring i *tradisjonshandverk*. Anten det gjeld:

Hustømring og bygningsvern

Båtbygging, båtbruk og farkostvern

Klesskikk, med folkedrakt og bunadssaum

Sniing av verkty

Skomakararbeid frå skinn på ku og bust på gris til tæse (sko) på fot

Tradisjonsbore matstell, til dømes frå hyse i havet til ball på bord. Og frå mjølk i ku til ost og smør på bord.

.....

Dertil kjem det til svært mykje som eg ikkje har god nok greie på.

Vi skil i språket mellom *å vita* og *å kunna*.

Vi kan *vita* svært mykje om ein båt utan å *kunne* byggje han. Det typiske for *handverkaren* er at han *både veit og kan*.

Handverkaren og kunstnaren har mykje til felles, men det er også tydelege skilnader. *Kunstnaren* lagar noko som gjev *inntrykk* og det er strenge krav til både form og innhald.

Forfattaren skriv. Det han tenkjer får vi ikkje tak i ved å sjå på dei skrivande fingrane

Handverkaren har også strenge krav til form. *Båten* skal vera vakker, men han skal dertil *fungere under bruk på eit hav*.

Det båtbyggjaren tenkjer får vi ikkje tak i berre ved å sjå på at han høgg eit tre. *Han tenkjer båten og så blir han til*.

Det er ved å forstå det ”*språket*” han uttrykkjer, at vi får tak i det han tenkjer.

Om no dette har noko for seg, tyder dette at opplæringa i tradisjonshandverk m. m. lyt få ei heilt anna tilnærming enn det som er gjengs og lov i dag.

Vi bør samanlikne tradisjonshandverka med idrett, musikk og dans, langt på veg som ein sum av desse og dertil trengst faghistorie, etnologi, praktisk rekning, materiallære med fysikk og kjemi + + +.

Den systematiske opplæringa bør ikkje starte særleg lenge etter at ungane er 10 år. Opplæringa bør ta minst 10 år, i mange tilfelle heller 12 til 15.

NHI har vonleg lagt grunnlaget for ei slik satsing.

Den bør gjennomførast.

Ettertida vil takke for det.

Gratulere med 30 år.

Lykke på vegen i dei neste 30.